

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV SEPTEMBER 2004.

ÅRGANG 40

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00
Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Ingar Bigset

Visepres.: Arve Røyset
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: Elisabet Sundgot
Styremedlem: Arne Lillebø
Styremedlem: Hans Gisle Holstad
Leiar ungdoms
utveksling: Otto Holstad

Ansv. Red.: Sverre Bjåstad
Referent: Odd Arne Holstad

Fødselsdager i sept:
Anne Gry Eilertsen 02.09
John Jarle Holstad 12.09
Johs. J. Hareide 16.09
Oddvar Haugen 18.09
Dagfinn Vattøy 19.09
Ingar Bigset 25.09
Jan Rise 25.09
Walther Jenssen 26.09

100%frammøte i sept. 2004:
Ingar Bigset, Terje Dalsøren, John
Jarle Holstad, Odd-Arne Holstad,
Dagfinn Vattøy, Jarle Klungsøyr

Frammøteprosent: 58%

I MIN FADERS HUS

(Dropar i austavind, 1966)

I min Faders hus er der mange
rom.

Og mange er dørene inn.
Kva tropp skal du krjupa,
kva tårer lyt du fella,
kva klokke skal du ringja,
skal du bruka sleggja eller slå,
knokane til blods?
Opnar dei seg berre for
hornblåst og trompetstøyt?

Det kjem ei stund
då dørene svingar på jarni, du veit
ikkje
um ei slik stund kjem att.
Men Odin slepte taket i båtkvelven,
og Romeo und Julia auf dem Dorfe
siglde inn i himmelen på ein
høystakk.

Olav H. Hauge

Møte 6. sept. 2004

Presidenten innleia møtet med å nemne dei som har årsmåsdag i september. Programmet for dagen var presentasjon av syftemåla ved komiteformennene. Når det gjeld innhaldet i desse viser vi til dei enkelte komiteane sine skriftlege syftemål.

Johs Hareide orienterte til slutt om dugnaden på Holesanden mandag 13 september. Det vart frå fleire reist spørsmål om ikkje andre dugnadsprosjekt enn vedhogst på Holesanden kunne vere aktuelt for klubben. Presidenten oppmoda klubbmedlemmane til å kome med forslag til alternative framtidige dugnadsprosjekt.

Møte13. sept. 2004

Denne kvelden var avsett til dugnad/vedhogst på Holesanden. Trass i dårleg ver var frammøtet bra. Arne G stilte som vanleg med traktor, sag og kløyvar. På ein god time var det kapp og kløyvd ved for i alle fall to års forbruk, dersom då ikkje uvedkomande forsyner seg av veden...

Møte 20. sept. 2004

Presidenten innleia møtet med å minnast Andreas Hareide som nyleg har gått bort. Deretter refererte han kort frå distriktskonferansen. Han nemnde også at påtroppande guvernør for vårt distrikt blir Ole Myrbakk.

Kveldens program var Yrkes/ego-foredrag ved **Sigbjørn Haddal**.

Sigbjørn er fødd på Haddal 3. okt.1944, og starta skulegongen i –51. Han fortalde om ein god oppvekst og om strøjobbar på ”røykeriet” og kassespikring der betalinga var 10 øre kassa.

I –58 gjekk han på framhaldsskule på Hasund og vart konfirmert året etter. Deretter fekk han seg jobb på snikkaravdelinga på Hatløy mek Verkstad. Der vart han til –61 då han tok sertifikat klasse 2 og vart yrkessjåfør.

I 1962 trefte han Ingunn som han gifta seg med i –65. Eldsteguten Runar vart fødd i –66, Ida i 67 og Marte i –72.

I –65 byrja han å køyre lastebil for ”Allen”. Deretter vart det gravemaskinkøyring for Andreas Varhaug før han vart drosjesjåfør for Gulvald Eilertsen sommaren 1968.

I 1970 starta han for seg sjølv som drosjeeigar/sjåfør og dermed sjølvstendig næringsdrivande. Dei første åra køyrde han på løyvet til Gulvald Eilertsen før han i –79 overtok løyvet til Gulvald.

Den første ambulansen vart innkjøpt i 1970 saman med Ivar Moldskred. Den bilen kosta 30.000 kr. Den første Mercedes-ambulansen vart innkjøpt i 1974. Den bilen kosta 160.000 kr. Sidan 1991 har han berre vore ambulansesjåfør.

Sigbjørn ”krydra” foredraget sitt med humoristiske historier frå mange drosje og ambulanseturar. Til slutt nemnde han at han er bestefar til 5 og at han har hytte i Stordal og sjøbud på Håhjem.

27. sept. 2004.

Møtet var programfritt. Presidenten opplyste innleiingsvis at Sparebanken Møre hadde løyvt kr 30 000 til den planlagde turstien langs Hareidselva. (applaus frå salen). Han opplyste samstundes at Utmarkslaget hadde vedteke **ikkje** å løyve pengar til det same prosjektet (ingen applaus frå salen).